

Avvikshandtering

For medisinskfagleg vurdering er det viktig at pasientprøven har ein tilhøyrande rekvisisjon med rette og tilstrekkelege opplysningar. Vi må vere sikre på at prøven er tatt av rett pasient.

Dersom mikrobiologisk avdeling mottok pasientprøve som er umerka eller feilmerka slik at sikker identifisering ikkje kan gjerast, må prøven dessverre avvisast.

Unntak frå dette er prøvar som vanskeleg kan takast på nytt (eks. spinalvæske, blodkultur tatt før oppstart av antibiotikabehandling, prøvar frå små born). I spesielle tilfelle kan det, i samråd med lege, gjerast unntak også for anna prøvemateriale. Mangel ved prøve/rekvisisjon vil stå som kommentar i svarrapport.

Det vil alltid vere rekvirenten sitt ansvar å identifisere prøvematerialet og å gje den informasjonen vi har bruk for.

Praksis når det er mangel ved rekvisisjon, prøve, emballasje eller transport til mikrobiologisk avdeling:

Umerka prøve (ikkje pasientidentifikasjon):

Vert ikkje undersøkt. Unntak i spesielle tilfelle, sjå innleiing.

Manglar ved rekvisisjon

Prøve utan rekvisisjon

Dersom rekvisisjon ikkje kan oppsporast, vert penselprøven sett til aerob dyrking, urin og serum/plasma vert oppbevart i kjøleskap i 2 dagar, feces vert kasta.

Ikkje oppgitt rekvirent/kan ikkje oppsporast

Prøven analyserast. Svaret arkiverast til det blir etterlyst.

Ikkje-lege oppført som rekvirent

Kontaktar vedkomande for å få oppgitt lege-rekvirent.

Pasientidentifikasjon manglar, men går fram av prøven

Konfererer rekvirent, nyttar opplysningar på prøven. Kommenter i svarrapport.

Prøvemateriale ikkje oppgitt

Kommenterer på rekvisisjon og i svar. I særlege tilfelle blir rekvirent kontakta.

Prøvelokalisasjon ikkje oppgitt

Kommenterer på rekvisisjon og svar.

Manglande kliniske opplysningar

Kommenterer på rekvisisjon og svar. Lege kontaktar rekvirent i særlege tilfelle.

Ønskt undersøking ikkje avkryssa

Kommenterer på rekvisisjon og svar. Kontaktar rekvirent i særlege tilfelle.

Kryssa for undersøking der materialet er feil

Rekvirent blir forsøkt kontakta før registrering.

Manglar ved prøvematerialet

For lite prøvemateriale.

Prøven blir avvist. Svar: For lite materiale. For lite materiale til ein av dei rekvirerte analysane: Kommenter på svaret til den aktuelle analysen: For lite materiale.

Lekkasje frå prøven

I grove tilfelle blir prøven kasta. Kommentar på svar.

Rekvirert analyse som ikkje utførast hos oss

Prøven blir vidaresendt anna laboratorium.

Ueigna prøvemateriale

Prøve på ueigna transportmedium

Prøven blir kasta. Rekvirent får beskjed.

Prøve på ueigna container der vidare handsaming vil medføre risiko for medarbeidar

Prøven blir kasta. Rekvirent får beskjed.

Anaerob us. på inadekvat prøvemateriale

Konferer med lege. Undersøking strykast som regel.

Koagulert eller fullstendig hemolysert blodprøve

Prøven avvist då blodet var koagulert/hemolysert.

Urin med borsyre til Chlamydia trachomatis PCR

Prøven avvisast. Fritekst: Borsyreurin kan ikkje nyttast til Chlamydia trachomatisPCR.

Bakteriologisk transportmedium (Amies) til virusundersøking

Prøven avvisast.

For lang transporttid

Sjå [Transporttid, haldbarheit, prøvemateriale](#), og opplysningar under kvar undersøking.

Sist oppdatert

30.11.2016 Gro Øren